

Saksbehandlar: Marit Gjerde

Vår dato:  
21.06.2021Vår referanse:  
2021/4505Holmedal montessoriskule  
ved styreleiar**Tilsynsrapport og avslutning av tilsyn**

Vi har ført tilsyn med Holmedal montessoriskule i perioden 09.04.2021 fram til i dag.

I tilsynet har vi funne at de oppfyller regelverket på dette området, og vi avsluttar med dette tilsynet.

De har likevel høve til å uttale dykk om rapporten, både vår beskriving av fakta, vår forståing av lova, våre vurderingar og våre reaksjonar. Dersom de meiner rapporten inneheld feil, bør de begrunne kvifor. Vi vil vurdere om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten etter ei eventuell utsegn frå dykk.

Vi gjer merksam på at tilsynsrapporten er eit offentleg dokument. Vi publiserer våre tilsynsrapportar på [tilsynsrapporter.udir.no](https://tilsynsrapporter.udir.no).

Vi har lagt ved eit brev til elevane og foreldra med informasjon om resultatet av rapporten. Vi ber skolen om å gje brevet til dei.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Idun Klette Låhne  
avdelingsdirektørMarit Gjerde  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Vedlegg: Tilsynsrapport

Kopi: Statsforvaltaren i Vestland

# TILSYNSRAPPORT

Spesialkompetanse

Holmedal montessoriskule

Org.nr. 986236147

## Innholdsliste

1	Innleiing .....	4
1.1	Kort om skolen .....	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet .....	4
2	Spesialkompetanse ved montessoriskolar .....	5
2.1	Rettslege krav .....	5
2.2	Våre observasjonar og vurderingar .....	5
3	Avslutning av tilsyn .....	6

# 1 Innleiing

Vi fører tilsyn med skolar som er godkjende etter friskolelova, jf. § 7-2 første ledd.

I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller

- friskolelova med forskrifter
- føresetnader i godkjenninga av skolen
- anna regelverk som friskolelova med forskrifter eller godkjenninga av skolen viser til

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at tilsynet skal gjennomførast i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om skolen

Holmedal montessoriskule ligg i Askvoll kommune i Vestland fylke. Skolen er godkjend på grunnlag av "anerkjent pedagogisk retning", jf. friskolelova §2-1, andre ledd, bokstav b.

Skolen er ein grunnskole med elevar på 1. til 7. trinn. Per 1. oktober 2020 har skolen 38 elevar. Skolen er godkjend for totalt 50 elevar.

Våren 2021 mottar skolen kr 3 320 440 i statstilskot. Vi gjennomfører tilsyn med skolens årsregnskap kvart år. Hausten 2020 gjennomførte vi tilsyn med skolen der temaet var gjennomføring av Elevundersøkinga.

## 1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Holmedal montessoriskule i brev frå 09.04.2021. De blei pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjon for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er: Spesialkompetanse. Vi har kontrollert følgjande undertema:

Spesialkompetanse ved montessoriskolar, jf. friskolelova §§ 5-2 andre ledd bokstav i) første setning og 4-2 tredje ledd, jf. forskrift til friskolelova § 8A-1

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å kontrollere at skolen gir elevane opplæring i tråd med den alternative pedagogikken skolen er godkjend etter, og oppfyller kravet om spesialkompetanse hos undervisningspersonalet.

Når skolen ikkje følgjer regelverket, kan vi nytte reaksjonar mot skolen. Vi kan påleggje retting, halde tilbake statstilskot, krevje tilbakebetaling av statstilskot eller trekkje tilbake godkjenninga av skolen, jf. friskolelova § 7-2 a. Vi kan i særleg alvorlege tilfelle påleggje karantene retta mot skolen eller den ansvarlege personen, jf. friskolelova § 7-2 b.

Styret er skolen sitt øvste organ, jf. friskolelova § 5-2. Styret er derfor ansvarleg for at skolen følgjer opp eventuelle reaksjonar og rettar brot på regelverket.

## 2 Spesialkompetanse ved montessoriskolar

### 2.1 Rettslege krav

Styret må sørge for å ha rett og nødvendig kompetanse i skolen, jf. friskolelova § 5-2 andre ledd i) første setning. Alle som skal undervise ved skolar godkjende etter friskolelova, skal ha relevant fagleg og pedagogisk kompetanse, jf. friskolelova § 4-2 første ledd. For skolar godkjende på grunnlag av ei anerkjend pedagogisk retning, gjeld det eit eige krav om spesialkompetanse relatert til den pedagogiske retninga, jf. friskolelova § 4-2 tredje ledd, jf. forskrift til friskolelova § 8A-1. Montessoriskolar er godkjende på dette grunnlaget. For å sikre at skolen gir elevane opplæring i tråd med den alternative pedagogikken, må skolen ha undervisningspersonale med spesialkompetanse.

Minst halvparten av undervisningspersonalet på skolen skal ha spesialkompetanse innanfor montessoripedagogikk, jf. forskrifta § 8A-1 første ledd. Dette betyr at minst femti prosent av den samla stillingsprosenten av undervisningsstillingane ved skolen er dekt av tilsette med slik kompetanse. Det er styret sitt ansvar å sørge for at kravet er oppfylt. Dette inneber at styret må ha kjennskap til kor stor del av undervisningsstillingane som er dekte av personale med montessoripedagogikk. Vidare er det styret som må følgje opp at kravet til ei kvar tid er oppfylt. Dette inneber at styret må bruke kjennskapen sin om skolen, den lokale arbeidsmarknaden og eigne rekrutterings- og etterutdanningsmoglegheiter til å sørge for nok undervisningspersonale med kompetanse innanfor skolen sin pedagogiske retning på både kort og lang sikt.

Undervisningspersonalet oppfyller kravet om spesialkompetanse når dei har høgare utdanning innanfor den pedagogiske retninga til skolen. Utdanninga må ha eit omfang på minimum 60 studiepoeng. Departementet kan i tillegg godkjenne anna utdanning av minst eitt års omfang.

### 2.2 Våre observasjonar og vurderingar

#### Krav til spesialkompetanse ved montessoriskolar

Vi har mottatt dokumentasjon som viser kven som er tilsett i undervisningsstillingar ved skolen. Dokumentasjonen viser navn på tilsette, stillingsprosent, stillingstittel, utdanning og eventuell tilleggsutdanning. Skolen har sendt inn dokumentasjon på godkjend tilleggsutdanning (spesialkompetanse). Vi har også fått informasjon om at ein av dei tilsette har yrkeserfaring innan montessoripedagogikk sidan 2005. Dette medfører at kravet til realkompetanse var innfridd før 1. august 2016, og dermed framleis er innfridd.

Vi har vurdert opplysningane om undervisningsstillingar ved skolen per april 2021. Skolens innsendte dokumentasjon viser at fire av åtte tilsette i undervisningsstillingar oppfyller kravet til spesialkompetanse. Desse har til saman 279,86 % årsverk, av totalt 526,82 %. Skolen oppfyller dermed kravet om at totalt 50 % av undervisningspersonalet skal ha spesialkompetanse innan montessoripedagogikk.

#### Styret skal følgje opp at kravet til spesialkompetanse er oppfylt

I styrets utgreiing kjem det fram at skolen har hatt fokus på tilstrekkeleg spesialkompetanse sidan oppstart i 2005. Dette har dei sikra gjennom jevnlege kompetanseanalyser, årleg kompetanseutviklingsplan, fast post om personalsituasjon på styremøte, samt den årlege tilstandsrapporten og årsmeldinga.

Uttalt praksis har vore at alt fast tilsett pedagogisk personale skal ha spesialkompetanse, slik at dei heile tida kan vera i forkant av situasjoner som permisjon, oppseiing, sjukemelding og liknande. I praksis har imidlertid dette vist seg å vera vanskeleg, og dei har derfor no også fokus på å vidareutdanne "eigne" som ein kan forvente vil vera stabil arbeidskraft. Rektor ved skolen, som også er montessoripedagog, har undervising som ein del av stillinga si, og tilpassar til tider omfanget for å sikre nok dekning av montessoripedagogar.

Skolen har vedlagt kompetanseutviklingsplan (oppdatert november 2020). Her framkjem det at skolen har i overkant av 51 % av pedagogisk personale med godkjend tilleggsutdanning i montessoripedagogikk. Dette stiller skolen i ein sårbar situasjon, og styret ynskjer derfor at ytterlegare ein av dei tilsette skal ta vidareutdanning innan montessoripedagogikk. Desse opplysningane kjem også fram av vedlagt årsmelding for 2020.

Styret har nyleg vedtatt at ein av dei mellombels tilsette kan søke utdanning ved høgskulen i Sør-Øst Noreg med oppstart januar 2022. Når denne personen er ferdig utdanna (forventa haust 2023), viser styrets prognosar at andelen tilsette i undervisningsstillingar med spesialkompetanse i montessoripedagogikk vil ligge på rundt 90 %. Dette stemmer med våre utrekningar.

Vi har også mottatt kompetanseanalyse, datert 28. oktober 2020. Dekning av montessorikompetanse i dei ulike gruppene vert gjennomgått, og også her kjem det fram at skolens totale dekningsgrad ligg i overkant av 51 %.

Skolen har vedlagt kopi av fire utlyste stillingar frå perioden 2019-2021 som både allmennlærer, montessoripedagog og lærar/spesialpedagog. Gjennomgåande for alle utlysingane er at skolen i utgangspunktet søker etter personar med spesialkompetanse innan montessoripedagogikk. Det er ikkje presisert kvar stillingsannonsene er publisert.

Vi har mottatt kopi av tre styremøtereferrat frå henholdsvis desember 2019, september 2020 og november 2020. Vi ser her at personalsituasjonen, herunder dekningsgrad av montessoripedagogar og eventuell vidareutdanning, er eigne punkt på sakslista som vert vurdert.

På bakgrunn av den dokumentasjonen vi har mottatt vurderer vi at styret har nødvendig kjennskap til den samla stillingsprosenten av undervisningsstillingane ved skolen med montessorikompetanse, og at styret til eikvar tid følgjer opp at kravet til spesialkompetanse er oppfylt.

### **3 Avslutning av tilsyn**

Vi har funnet at de overheld regelverket på de områda vi har kontrollert, og vi avsluttar difor tilsynet.

De har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Idun Klette Låhne  
avdelingsdirektør

Marit Gjerde  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent.